

## Veivalg for fremtidig kirkeordning

Svar på høringsnotat frå Suldal sokneråd

### **Kapittel 3: Tilhøvet mellom lokalt, regionalt og nasjonalt nivå**

**Spørsmål 1:** Den lokale kyrkje kan vere for lita eining til å ha ansvar for alle oppgåver. Ansvar et kan bli for stort for det enkelte sokn.

Suldal sokneråd meiner at noverande ordning bør vidareførast.

### **Kapittel 4: Økonomiske rammevilkår**

**Spørsmål 2:** Suldal sokneråd meiner at dagens finansieringsordning er den beste til å sikra ei brei folkekyrkje.

**Spørsmål 3:** Dersom dagens ordning faller bort, meiner Suldal sokneråd at det bør bli ein livssynsavgift som betalast over skattesetelen. På den måten vil alle tros- og livssynssamfunn få pengar på likeverdig måte.

### **Kapittel 5: Den lokale kyrkja sin organisasjon og leing**

**Spørsmål 5:** Det må takast lokale omsyn når sokneinndeling skal gjerast. Det er viktig at folk i soknet kjenner at dei har si eiga kyrkja og eigen kyrkjelyd. Det fører med seg at det kan vere meir enn ei kyrkje i eit sokn. Det bør ikkje vere for stor geografisk avstand til kyrkja for eit fleirtal i soknet. Det er viktig at folk kjenner nærleik til si kyrkje. Dette heng saman med kva for nivå ansvar for tilsette og drift av kyrkjelyden skal vera på.

**Spørsmål 6, 7 og 8:** Ordninga med sokneråd og kyrkjeleg fellesråd bør absolutt vidareførast. Kyrkjeleg fellesråd må vere på kommunenivå. Det er alltid viktig at dei som sitt i fellesrådet har kjennskap til kyrkjelydane i området for fellesrådet.

**Spørsmål 9 og 10:** Ansvar et bør vera fordelt som i dag. Soknerådet tar ansvar for det kyrkjelege i soknet, og administrasjon av tilsette ligg til fellesrådet. Sokneråda er folkevalde organ og kan ikkje administrera tilsette.

### **Kapittel 6: Biskop og bispedømme**

**Spørsmål 13:** Dagens ordning bør vidareførast.

## **Kapittel 7: Arbeidsgjevaransvar i kyrkjeordninga**

**Spørsmål 16:** Suldal sokneråd går inn for alternativ B: Arbeidsgjevaransvaret for alle kyrkjeleg tilsette ligg hos kyrkjeleg fellesråd.

## **Kapittel 8: Organisering av sentralkyrkjelege organ**

**Spørsmål 20:** Suldal sokneråd meiner at ordninga med folkevalde frå bispedømmeråda og Samisk kyrkjeråd bør halda fram som i dag.

**Spørsmål 25:** Suldal sokneråd meiner Bispemøtet skal ha ansvar for lærespørsmål.